



Trond H. Myklebust har søkt om BU-midler til sanduttaket. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Vi har tru på at dette kan skape lønsam tilleggsnæring til bruket og rår til at det vert ytt stipend til tiltaket. Det skriv jordbrukssjef Karin Thauland i kommunen til Innovasjon Norge. Ho støttar med det den tidlegare innsendte søknaden til Trond H. Myklebust i Uskedalen om BU-midler.**

Han driv planteproduksjon for sal etter å ha slutta med husdyr. No vil han ta opp att og utvide sanddrifta og også utgreie om finstoff kan nyttast i gjødsel til økologisk landbruk. Det er store sandressursar på bruket og det ligg sentralt i kommunen, skriv Thauland.

Ho kjem også inn på sanduttaket til Norstone i Omvikdalen. Det går mot slutten på ressursane der, men dei er no ute i marknaden for å finne nye ressursar. Kommunen trur at trongen for sand vil føre til at det er rom for baa bedriftene.

Trond H. Myklebust treng midlar for vidare utgreiing om kvalitet og lønsemd, Han har utdanning og erfaring med maskinarbeid og skulle soleis ha godt grunnlag for å starta opp med denne næringa, meiner Thauland.

Myklebust reknar med å sysselsetta minst to personar og det vil vera eit solid overskot att etter at løn, kapitalkostnader og driftsutgifter er trukke frå, held jordbrukssjefen fram.

Av Ola Matti Mathisen